
Saksnr: 2022/565-71
Saksbehandlar: Anders Søyland

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Tildeling av tilskot til friluftslivets ferdselsårer, vår 2023

Forslag til vedtak

Avdelingsdirektør for kultur og folkehelse vedtek følgjande fordeling av tilskot til friluftslivets ferdselsårer:

Nr	Kommune	Prosjektfase/tiltak	Omsøkt tilskot	Tildelt tilskot
1	Sunnfjord	steg 3 og 4	60 000	50 000
2	Osterøy	steg 1 og 2	60 000	52 500
3	Kvam	steg 3 og 4	60 000	60 000
4	Bremanger	steg 3 og 4	60 000	60 000
5	Askøy	steg 3 og 4	60 000	60 000
6	Masfjorden	skilting av 15 turruter	50 000	50 000
7	Fjaler	steg 3 og 4	60 000	60 000
8	Ulvik	skilting og merking av turruter	50 000	50 000
9	Alver	skilting og merking av turruter	41 000	41 000
10	Austevoll	skilting og merking av turruter	50 000	50 000
Sum			551 000	533 000

Tilskot til friluftslivets ferdselsårer har dekning i vedteke budsjett, post 460.401. Søknadane er nærare vurdert i vedlagt samanstilling.

Samandrag

Innan søknadsfristen 15. februar kom det inn 10 søknadar om tilskot til friluftslivets ferdselsårer. Osterøy søkte om tilskot til steg 1 og 2. Fem kommunar søkte tilskot til steg 3 og 4 medan fire kommunar søkte om tilskot til å realisere tiltak som er omtalt i ferdige planar. Etter denne tilskotsrunden har totalt 35 kommunar i Vestland fått tilskot til å lage ein plan for friluftslivets ferdselsårer.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse (KFO)

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef
fysisk aktivitet og inkludering-KFO

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Generelt:	
Budsjett 2023 (post 460.401):	kr 1 000 000 er avsett til friluftslivets ferdselsårer i budsjettet. Av denne millionen er kr 700 000 sett av til arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer, medan kr 300 000 er sett av til tilgjengelegheit i friluftsområde.
Søknadsfrist:	15. februar
Vedtaks kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering 2.12.2019 PS 07.19
Kriteria og informasjon:	https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/friluftslivets-ferdselsarar/
Søknadar vår 2023:	
Tal på søknadar:	10
Søknadar innvilga:	10
Samla søknadssum:	551 000
Samla løyving:	533 500

Bakgrunn

Ein plan for friluftslivets ferdselsårer skal identifisera, ivareta og utvikle stiar, turveggar, løype og leier som er viktige for friluftsliv. Det er eit mål at alle kommunar skal lage ein slik plan. Prosjektet starta opp i 2019 og varar i utgangspunktet ut 2023. Planarbeidet skal følge Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292. Vestland fylkeskommune har opna for at kommunane kan få inntil 120 000 kr til arbeidet med å lage ein plan for friluftslivets ferdselsårer. I tillegg kan kommunane som er ferdig, eller nær ved å bli ferdig med planarbeidet, søke om inntil 50 000 kr til å realisere tiltak som er nemnt i planen sin tiltaksdel. Det stillast krav om 50% eigenandel, både når det gjeld tilskot til planarbeidet og til tiltak.

Ein del kommunar manglar eigne ressursar til planarbeidet, særleg gjeld dette kompetanse innan GIS og kartarbeid. Får å kunne bistå desse kommunane er det oppretta ei prosjektmedarbeidarstilling i VLFK. Denne stillinga finansierast delvis gjennom statlege og fylkeskommunale løyvingar til prosjektet friluftslivets ferdselsårer. Kommunane som ønskjer bistand frå prosjektmedarbeidar får avkorta prosjekttilskotet tilsvarande verdien av bistanden dei får i prosjektet. I denne tilskotsrunden har Osterøy og Askøy bede om bistand frå prosjektmedarbeidar.

Osterøy kommune er den einaste kommunen i denne søknadsrunden som søker om tilskot til dei to første stega i prosjektet. Mange kommunar har no komme godt i gang med, eller gjort ferdig, plan for friluftslivets ferdselsårer, noko som og viser seg i søknadane om tilskot. 8 kommunar har enten vedteke plan for friluftslivets ferdselsårer eller hatt eit planutkast til høyring. Medrekna Osterøy er det 27 kommunar som er i gang med planarbeidet, medan 7 kommunar endå ikkje har komme i gang med arbeidet med å lage ein plan.

Masfjorden, Ulvik, Alver og Austevoll er ferdig med plan for friluftslivets ferdselsårer og søker no om tilskot til å realisere tiltak i tråd med tiltaksdelen.

Sunnfjord og Osterøy har ikkje ført opp eigenandel tilsvarande 50% av totale kostnader og får derfor avkorta tilskotet noko i høve det det er søkt om.

Vedtaks

Fordeling av tilskot til friluftslivets ferdselsårer blei i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering den 17.11.22 (PS 146/2022) vedteke delegert til Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering.

Vurderingar og verknadar

Økonomi:

Arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer er eit spleiselag mellom kommunar, fylkeskommunane og staten. Midlar til arbeidet med friluftslivets ferdselsårer er lagt inn i budsjettet for

2023. Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på friluftslivsfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima:

I møte med eit framtidig klima, med meir nedbør og ekstremvær, kan det være naudsynt med tilretteleggingstiltak som gjer at stiar og turveggar blir meir klimarobuste, dvs. at dei taklar terrengslitasje og erosjon i periodar med mykje regn. Ein plan for friluftslivets ferdselsårer gjer kommunane i stand til å identifisere kor det er behov for nye tilretteleggingstiltak og prioritere kva tiltak som bør settast i verk først.

Folkehelse:

Plan for friluftslivets ferdselsårer er eit positivt tiltak i eit folkehelseperspektiv, då arbeidet gjer at kommunane får betre oversikt over stiar, turveggar, løypenett osv. i kommunen. Planen bidreg til ein meir samordna og målretta forvaltning av desse. Betre oversikt over turmoglegheitene i kommunen og ei betre tilrettelegging av turstiar o.l., gjer det lettare for befolkninga å drive med friluftsliv i nærleiken av der dei bur.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Prosjektet friluftslivets ferdselsårer er forankra i Anleggspolitikkk for Vestland fylkeskommune 2020-2024, tiltak 13 i handlingsprogrammet.

Vurdering:

Fordeling av tilskot til friluftslivets ferdselsårer er vurdert i høve til dei føringar og vilkår som er gjeve for tilskotsordninga tilskot til plan for friluftslivets ferdselsårer.